



## VOLDA SOKNERÅD, Den norske kyrkja

Volda kyrkjekontor  
Postboks 17  
6101 Volda

Kontoradresse  
Gymnasvegen 2  
3. etg Sparebanken

Telefon  
70 07 40 90  
kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

Telefaks  
70 07 40 91

Bankkto.  
3991.35.43266

Kultur- og kirkedepartementet  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

dok 361

Kultur- og kirkedep.	
II	
Saksnr. 200800738	Dato 8.9.08
Kode. ki-501	Beh.

5. september 2008

## Høring til innstillinga **Styrket demokrati i Den norske kirke**

### Frå Volda sokneråd

Innstillinga legg den lutherske tanken om det allmenne prestedømmet til grunn for ønsket om å styrkja demokratiet i Den norske kyrkja. Dette er uproblematisk frå eit prinsipielt teologisk synspunkt. Vidare blir alle døypte definerte som delaktige i dette allmenne prestedømmet. Også det er i prinsippet rett, men ikkje utan atterhald. Det er nemleg eit problem at ikkje alle (barne)døypte ønskjer å definera seg som truande kristne seinare i livet. Ein kan difor undrast over at innstillinga ikkje tek opp den heilt sentrale folkekyrkjelege problemstillinga, nemleg at nokre døypte slett ikkje har noka interesse for den kyrkja dei formelt høyrer til.

Det er ikkje ei sak for nokon kyrkjeleg instans å dømme om den enkelte sitt gudsforhold. Likevel er det ein udiskutabel realitet at vår form for kyrkjemedlemsskap, som altså går via barnedåp, også inkluderer menneske som i alle høve ikkje ville ha meldt seg inn sidan, om det var opp til dei. Ein må altså gå ut frå at det finst kyrkjemedlemmer som ikkje berre er passive, men også negative til den formelle medlemsskapen sin, utan at dei har teke det steget det er å melda seg ut. Vil det vera ei styrking av det kyrkjelege demokratiet dersom ein også fekk slike medlemmer til å røysta ved kyrkjelege val?

Spørsmålet er då korleis ein skal innretta eit kyrkjeleg demokrati under slike forhold. Skal ein søkja ordningar som både gjev og oppmuntrar også slike medlemmer som kanskje ikkje vil kalla seg kristne i det heile, til å nytta seg av høvet til å påverka samansetjinga av kyrkjelege rådsorgan, organ som også har tydeleg definerte åndelege oppgåver? Eller skal ein søkja ordningar som sikrar best mogleg deltaking og innverknad frå det slaget kyrkjemedlemmer som meir eller mindre tydeleg identifiserer seg med kyrkja si?

For oss er det sjølv sagt at det sistnemnde må vera ei målsetjing. Og etter vårt skjøn legg ein best til rette for dette ved indirekte val. Ved å innføra direkte val til Kyrkjemøtet, inviterer ein i prinsippet alle kyrkjemedlemmer, utan omsyn til kyrkjeleg interesse elles, til å påverka valutfalla meir direkte enn før. Vi meiner at det indirekte valet av leke medlemmer gjennom soknerådet, slik ordninga er no, "sikrar" betre at det er ei medviten kyrkjeleg interesse som kjem til uttrykk. Når denne innstillinga legg opp til direkte val til bispedømmeråd/kyrkjemøte, kan det knapt lesast på anna vis enn at slike omsyn har måtta vika for reint formalistiske demokratiske ideal.

Forslaget om å gje reelle valalternativ og innføra preferanseval er det i prinsippet ikkje noko i vegen med. Derimot ser vi på forslaget om å leggja kyrkjelege val parallelt med stortings-, kommune- og

fylkestingsval, som uheldige. Det undrar oss at ei kyrkje som elles er i ein prosess der ho søker ei friare stilling i forhold til staten, likevel skal kopla sine kyrkjelege val så nært til dei politiske vala. Det er uheldig reint religionspolitisk at Den norske kyrkja såleis framleis får demonstrera si statsrettslege særstilling i forhold til alle andre trussamfunn.

Vi stussar også over den økonomiske sida av desse forslaga. Det verkar svært underleg at ein skulle vera villig til å spandera mange millionar kroner på ei så pass diskutabel demokratisering, når pengesekken blir snøra grundig til i forhold til kyrkjelege behov elles. Kvifor kan ein ikkje heller satsa på ei opprusting av den lokale kyrkjelege bemanninga, t.d. i forhold til diakoni og opplæring?

Vi har i prinsippet ingen ting mot å auka talet på leke medlemmer i Kyrkjemøtet, endå om det kan vera ein tanke upraktisk med ei så stor forsamling som det her blir foreslått. Men vi ser eit problem i at det framleis ikkje er gjort klårt kva for teologisk kompetanse rådsorgana skal ha, t.d. i forhold til Bispemøte og Lærenemnd. Teologisk kunnskap og innsikt bør vera tilstrekkeleg til stades i alle kyrkjelege organ, men kan ikkje utan vidare definerast som ei sak for demokratiske prosessar grunna på det allmenne prestedømmet.

Poenget vårt er at det kyrkja alltid treng, er konsolidering om trua si, og at dei demokratiske ordningane og prosessane difor må vera slik at dei best tener dette. Likevel kan demokratiske ordningar utformast på slik vis at ein i staden for konsolidering heller legg til rette for det motsette. Og vi fryktar for at fleire av forslaga i innstillinga diverre vil kunna bli steg i ei slik lei.

For å summere opp:

1. Vi tilrår at ein held fast på ordninga med indirekte val til bispedømmeråd/kyrkjemøte.
2. Vi ønskjer eigne kyrkjelege val, uavhengig av dei politiske vala.
3. Vi meiner det finst betre kyrkjelege formål å bruka pengar på enn det slaget demokratisering denne innstillinga går innfor.

Grethe Hallaråker  
Soknerådsleiar

  
Karoline Rånes Tommelstad  
Kyrkjelydssekretær